



Landbrukskontoret i Lillehammer-regionen

Velkommen

Fagkveld om miljøspørsmål i jordbruket

8. November 2016



Program

- Korleis utnytte husdyrgjødsel
- Ny plantevernforskrift og plantevernjournalar
- Regelverk for lagring og bruk av husdyrgjødsel
- Regelverk for miljø knytt til produksjonstilskot



Mål for kvelden:

- Regelverk for bruk og lagring av husdyrgjødsel er kjent
- Regelverk for bruk av plantevernmidler er kjent
- Regelverk knytt til miljøspørsmål i produksjonstilskot er kjent
- → Ingen avkorting i produksjonstilskot



Landbrukskontoret i Lillehammer-regionen

Lagring og bruk av husdyrgjødsel

- Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav
- Forskrift om gjødslingsplanlegging



Lagring av husdyrgjødsel

- 25 % tørrstoff
 - All husdyrgjødsel med mindre enn 25 % tørrstoff skal tett botnplate og tette kanter
 - Kan ikke lagrast på bakken → nedmolding
 - Husdyrgjødsel med over 25 % tørrstoff, og som omdannas under lagringsperioden, kan lagrast direkte på bakken
 - Skal skjermast mot overflatevatn



Bruk av husdyrgjødsel

- Samanfall mellom god agronomisk bruk og forskrifta
- Viktige skille
 - I vekstsesongen
 - Etter 1. september
 - Etter 1. november – **Ikkje lov**
 - Tela og snødekt mark – **Ikkje lov**



Bruk av husdyrgjødsel

- Bruk av gjødselvarer skal inngå i gjødslingsplan!
- Maks 17 kg total N pr daa
 - Utgjere ca 5 tonn storfegjødsel
- Må spreias på godkjent spreieareal
 - Fulldyrka og overflatedyrka mark
 - Innmarksbeite kan godkjennast som spreieareal



Bruk av husdyrgjødsel i vekstsesongen

- Kan spreie på eng og anna grøde utan nedmolding
 - Må skje før 1. september
 - Bør gjerast så tidleg i vekstsesongen at det er moglegheit for betydeleg gjenvekst som haustas eller beitast
- Spreiing på open åker skal moldast ned innan 18 timar



Bruk av husdyrgjødsel etter 1. september

- Ikkje tillatt å spreie utan nedmolding
 - Dispensasjon kan vurderast
- Uansett ikkje lov å spreie på tela og snødekt mark



Landbrukskontoret i Lillehammer-regionen

Bruk av husdyrgjødsel etter 1. november

- Det er ikke tillate å spreie husdyrgjødsel etter 1. november.



Landbrukskontoret i Lillehammer-regionen

Nedmolding

- Husdyrgjødsel spreidd på open åker eller etter 1. september skal moldast ned innan 18 timar.



Gjødsling på innmarksbeite

- Innmarksbeite er i utgangspunktet ikke spreieareal
- Innmarksbeite kan godkjennast som spreieareal
 - Etter søknad



Husdyrgjødsel for å etablere innmarksbeite

- Det er ikkje lov å spreie husdyrgjødsel i utmark
- Kan søkje dispensasjon for etablering av innmarksbeite
- Krav:
 - Inngjerda
 - Rydda for kvist
 - Har dyr som kan ivareta beitetrykk



Konsekvensar ved manglande gjødslingsplan eller plantevernjournal

- Avkryssa på søknad om produksjonstilskot
 - 20 % av totalt areal- og kulturlandskapstilskot vert avkorta
 - 40 % om begge manglar
- Avdekt ved kontroll
 - I tillegg avkorting for feilopplysningar



Miljøkrav i forskrift om produksjonstilskot

- *Det kan ikke gis tilskudd (Areal- og kulturlandskapstilskot) dersom det foretas inngrep som forringer kulturlandskapet. Dersom annet regelverk ikkje er til hinder for det, kan kommunen likevel forhåndsgodkjenne inngrepet dersom det avhjelper betydelige driftsmessige ulemper. (§ 4, 3. ledd)*



Inngrep i kulturlandskapet

- *I begrepet «forringer kulturlandskapet» ligger tiltak som griper inn i og forandrer det særegne jordbrukslandskapet. Med kulturlandskap menes både landskapsbildet, mangfoldet i naturen og kulturhistoriske verdier.*
 - Rundskriv 2016-21 frå Landbruksdirektoratet



Inngrep i kulturlandskapet

- Eksempel fra rundskrivet
 - Oppdyrking av skogbryn, kantsoner og andre restareal mot innmark
 - Fjerning av åkerholmer, steingjerder og gamle rydningsrøyser
 - Oppdyrking eller fjerning av ferdselsårer
 - Tiltak i utvalgte naturtyper etter naturmangfoldloven som ikke er i rød med godkjent tiltaksplan
 - Planering av jordbruksareal under 1 daa
 - Kanalisering og lukking av elver, bekker og grøfter
 - Sprøyting av kantvegetasjon og åkerholmer, med mindre dette er et ledd i skjøtsel.



Inngrep i kulturlandskapet

- Normal skjøtsel er lov
 - Rensking av grøfter og mindre bekker
 - Vær obs ved bekker, kontakt landbrukskontoret
 - Skjøtsel av kantsoner
 - Skjøtsel av tre og busker
 - Tiltak for nødvendig kryssing med redskap



Inngrep i kulturlandskapet

- Anna regelverk som regulerer inngrep i kulturlandskapet
 - Vannressursloven
 - Plan- og bygningsloven
 - Kulturminneloven
 - Naturmangfoldloven
 - Forurensingsloven



Inngrep i kulturlandskapet

- Inngrep som **ikkje** er regulert av **anna lovverk**, står søkjar i utgangspunktet fritt til å gjere det
 - Men det får **konsekvensar** for areal- og kulturlandskapstilskotet
- Kommunen kan forhandsgodkjenne inngrep **når anna regelverk ikkje er til hinder for det**



Inngrep i kulturlandskapet

- Totale areal- og kulturlandskapstilskotet som fell bort
- Det er den som disponerer arealet, og som søker tilskot, som er ansvarleg
- Kan ikkje unnta deler av arealet.



Landbrukskontoret i Lillehammer-regionen

Oppfordring

- Spør fyrst – Grav etterpå
- Og vent til saken er avklara



Nydyrking

- Kan vere inngrep i kulturlandskapet
- Skal behandlast etter forskrift om nydyrking
- Dyrking utan lov kan gje avkorting for brot på anna regelverk og ev. fell areal og kulturlandstilskotet bort grunna inngrep i kulturlandskapet



Krav om vegetasjonssoner i forskrift om produksjonstilskot

- *Det kan ikke gis tilskudd (Areal- og kulturlandskapstilskot) dersom det ikke er etablert vegetasjonssoner mot vassdrag med årssikker vannføring. Vegetasjonen skal være tilstrekkelig bred til å motvirke avrenning til åpent vann under normal vannføring. Sonen må være på minst 2 meter målt frå vassdragets normalvannstand, og kan ikke jordarbeides. (§ 4, 4. ledd)*



Vegetasjonssoner

- Krav om minimum 2 meter vegetasjonssone mot vassdrag
 - Skal vere tilstrekkeleg brei til å motvirke avrenning til ope vatn
 - Kan ikkje jordarbeidast
 - Kan ikkje sprøytast
 - Kan haustast ved slått eller beite



Vegetasjonssoner

- Kravet om vegetasjonssone er òg i andre lovverk
- Om kravet til vegetasjonssone ikkje er oppfylt, fell heile areal- og kulturlandskapstilskotet bort.



Landbrukskontoret i Lillehammer-regionen

Spørsmål???